



Arkivnr: 2017/3088-3

Saksbehandlar: Bente Utne

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		20.04.2017
Fylkesutvalet		03.05.2017

Dekkeleggingsprogrammet for 2017 – eventuelle ekstramidlar til Sykkel-VM

Samandrag

Fylkesrådmannen orienterer i denne saka om dekkeleggingsprogrammet for 2017, som Statens vegvesen har utarbeidd ut frå faglege og objektive kriterium.

Vidare har fylkesrådmannen vurdert ønske/behov om nytt dekke på nokre strekningar i samband med Sykkel-VM i Bergen, for å redusera risikoen under konkurransane, og korleis dette eventuelt kan dekkast inn.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tar Statens vegvesen sitt dekkeprogram for 2017 til orientering.
2. Fylkesutvalet vil ikkje løyva ekstra fylkesvegmidlar til dekkelegging til strekningar som skal nyttast under Sykkel-VM.
3. Fylkesutvalet har ikkje innvendingar imot at det kan omprioriterast innafor Bergen til fordel for strekninga Allehelgensgate-Småstrandgaten-Bryggen, slik at Sykkel-VM får ein tryggare trasé.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Notat "Dekkeleggingsprogram for fylkesvegane i Hordaland 2017"
- 2 Prioriteringsliste 2017 frå SVV
- 3 Kart dekkelegging 2017
- 4 Epost frå Sykkel-VM

Fylkesrådmannen, 31.03.2017

Bakgrunn

I fylkestinget sitt vedtekne budsjett for 2017 er det lagt inn følgjande postar som gjeld dekkelegging og vegoppmerking på fylkesvegane:

Dekkelegging	38.245.000 kr
Vegoppmerking	11.000.000 kr

Det er vel kjent at behovet for nytt dekke langt høgare enn rammene over mange år, unntatt 2015 då løvyinga var 100 mill kr. Statens vegvesen skriv i sitt notat (vedlagt) at det er behov for 90 mill kr årleg for å stoppa forfallet.

Statens vegvesen har i e-post til Hordaland fylkeskommune opplyst om at Rogaland løyver 110,9 mill.kr til dekkelegging og 18,5 mill.kr til vegoppmerking, medan Sogn og Fjordane løyver 91,7 mill.kr til dekkelegging/ forsterking/ vegmerking.

Forslag til dekkeleggingsprogram (prioriteringsliste) for 2017

I samsvar med Rammeavtale og Leveranseavtale har Statens vegvesen utarbeidd dekkeleggingsprogram (prioriteringsliste – vedlagt) for året ut frå tildelte budsjettrammer. Følgjande kart (vedlegg 3) viser planlagt dekkelegging i 2017 både for riks- og fylkesvegar:

<http://www.vegvesen.no/fag/veg+og+gate/Drift+og+vedlikehold/Vedlikehold+av+vegdekke/Asfaltering+strekningsoversikt>

Prioriteringa blir gjort ut frå eit fagleg grunnlag, jamfør utdrag frå notatet:

På bakgrunn av faglege vurdering av standarden på fylkesvegnettet vert det sett opp ei liste over kva strekningar som skal asfalterast.

Vi prøver å sjå heile fylkesvegnettet i samanheng og legge asfalt på lenger strekningar og ikkje berre små korte strekk. Ved utarbeiding av konkurransegrunnlaget vert det og teke omsyn til geografisk fordeling av strekningane. Difor er det utarbeidd tre tilbodspakkar for fylkesvegane i Hordaland i 2017. Desse tilbodspakkane omfattar følgjande område:

- Bergen
- Granvin, Kvam, Samnanger, Kvinnherad, Kvam, Tysnes, Ullensvang
- Lindås, Masfjorden, Fjell, Askøy, Bergen

For høgtrafikkerte vegar – både Europavegar, riksvegar og fylkesvegar – med årsdøgntrafikk over 3000 er det måling av djupne i vegspora, jamnheit, tverrfall og årsdøgntrafikk som er hovudkriteria for val av strekningar som det skal leggest asfalt på. Vegar med størst slitasje (djupe hjulspor) vert prioritert.

For lågtrafikkerte fylkesvegar er det generell fagleg vurdering av standard på vegdekke som alder, spordeformasjonar, jamnheit, sprekker i vegdekke, setningar, steinslipp og hol/lapping. I tillegg kjem trafikktryggleik og innspel frå fagfolka i Statens vegvesen som følgjer opp driftsavtalene, driftsentreprenørane og brukarane av vegen.

Etter at Statens vegvesen har fått inn tilbud på dekkelegginga, har dei rekna at det står omlag 2 mill kr igjen. Dette foreslår SVV vert brukt i Nordhordland og Vosseområdet, der behovet er aller størst.

Innspel frå Sykkel-VM 2017

Hordaland fylkeskommune har fått epost 29.03.17 frå frå «Bergen 2017 AS» om det er mogeleg å omprioritera dekkeleggingsmidlar:

Her ber vi Fylket om å se på prioriteringen med «sykkel øyne» slik at løypene og byen blir presentabel i september. Ikke minst Småstrandgaten er så sporete at det kan være fare for sykklister og kjøretøy tilknyttet rittet.

Statens vegvesen drøftar dette i notatet dei tre mest prioriterte strekningane som har ein totalkostnad på 4,705 mill kr. Vegvesenet skriv vidare at ein truleg må gjera tiltak på desse vegane til neste år på grunn av slitasje. Dei aktuelle strekningane er.

- a. Fv 585 Birkelundstoppen – Mannsverk – 1275 m – kostnad 1,75 mill kr
- b. Fv 585 Allehelgensgate – Småstrandgaten – Bryggen – ca 800 m – kostnad 1,485 mill kr
- c. Fv 585 Bontelabo – Sandvikstorget – ca 1355 m – kostnad 1,47 mill kr

Statens vegvesen skisserer fleire alternativ for å få strekningane asfaltert i 2017:

- 1) Ei ekstra løyving på 4,7 mill kr til desse strekningane.
- 2) Ei ekstra løyving på 4,7 mill kr minus 2 mill kr (tiltenkt Nordhordland/Voss), altså 2,7 mill kr
- 3) Inga ekstra løyving, men ta inn ei eller fleire strekningar (b synest mest aktuell) og omprioritere innafor Bergen sine strekningar på prioriteringslista

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen ser at behovet for dekkelegging og tilhøyrande vegoppmerking er stort på store delar av fylkesvegnettet. Derfor er det viktig å halda på den faglege og overordna vurderinga som Statens vegvesen gjer. Ettersom rammene er så tronge er det ekstra viktig å halda på den faglege vurderinga.

Vidare ser fylkesrådmannen også behovet for at Sykkel-VM sine traséar er mest mogeleg sikre for syklistar og køyretøy i konkurransane. Det ser ut som strekninga b) Allehelgensgate-Småstrandgaten-Bryggen er høgast prioritert. Dersom denne strekninga likevel kjem på prioriteringslista for 2018, kan det forsvarast å ta ut ei tilsvarande strekning på lista for i år innafor Bergen.